

# HØYRINGSSVAR

## Veivalg for fremtidig kirkeordning

Høyring februar – mai 2015

Vi viser til høyringsnotatet *Veivalg for fremtidig kirkeordning* frå Kyrkjerådet. Høyringsnotatet presenterer ei rekkje tema og vegval for den framtidige kyrkjeordninga med i alt 27 spørsmål.

Opplysningar om høyringsinstansen:

Namn: Brattvåg sokneråd

Adresse: Postboks 11, 6282 Brattvåg

Kontaktperson: Peter Odd Bjørkhaug [pobjorkhaug@gmail.com](mailto:pobjorkhaug@gmail.com) (leiar i Brattvåg sokneråd)

Høyringssvara er vedtekne i soknerådsmøte 06.05.2015 i sak 2015-037.

### Høyringsspørsmåla

- 1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?**

Svar: -

- 2 Deler høyringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?**

Svar: Nei. På lang sikt er det medlemsavgift som vil sikre det sterkaste bandet mellom folket og kyrkja, og dess tidlegare ein kan gå over til medlemsavgift, dess betre. Slik det er i dag, forvitrar oppslutninga om kyrkja sakte men sikkert. Dersom folk kan gjere eit aktivt val om framleis å stå som medlem i kyrkja sjølv om det blir synleg kva det kostar, vil det skape større forplikting og engasjement.

- 3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høyringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.**

Svar: Medlemsavgift – sjå elles spørsmål 2.

#### **4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?**

Svar: -

#### **5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: Vi merkar oss dei prinsipielle synspunkta om fleire kyrkjelydar i eitt sokn. Brattvåg sokn har to kyrkjer og i praksis to kyrkjelydar, sjølv om vi prøver å jamne ut grensene og stimulere til å samlast på tvers. Vi er i prinsippet opne for at sokn kan slåast saman, men prosessen må forankrast lokalt. Det er viktig med lokal identitet og kjensle av tilknytning til kyrkjelydane, og dette må ikkje undervurderast.

#### **6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?**

Svar: Ja, soknerådet er viktig for den lokale tilknytninga. Fellesrådet er viktig for utføring av oppgåver og forankring av arbeidsgivaransvar.

#### **7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?**

Svar: Sjølv om vi går inn for medlemsavgift som hovudfinansiering (sjå spørsmål 2), går vi ut frå at hovudfinansieringa enn så lenge vil kome frå kommunen, og så lenge det er tilfelle, vil alle andre alternativ enn organisering av fellesrådet på kommunenivå vere svært tungvinte og unødvendig byråkratiske.

#### **8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?**

Svar:

1. Ja. Det viser seg at det er svært vanskeleg i praksis å gjere eit skilje mellom arbeidsgjevaransvaret (fellesrådet) og verksemdsansvaret (soknerådet), slik det er i dag. Det er vanskeleg for dei tilsette å forhalde seg til ulike mål og planar i dei ulike sokna. I praksis vil det vere slik at det er dei tilsette, gjerne i ein dialog med soknerådet eller eit underutval under soknerådet, som utformar planane for verksemda. Det er krevjande for soknerådet å ha ansvar for å utarbeide alle slags planar o.l., særleg fordi vi ikkje har noko sekretariat eller saksbehandlingshjelp. Ansvar for den kyrkjelege verksemda bør derfor flyttast til fellesrådet.
2. Derimot er det nokre oppgåver som i dag høyrer inn under fellesrådet som i stor grad engasjerer sokneråda. Dette gjeld først og fremst vedlikehald av kyrkjer og nyanlegg i tilknytning til kyrkjene og gravplassane. Desse saksområda engasjerer lokalsamfunnet og soknerådet, og bør ha ei eller anna formell tilknytning til soknerådet, f eks formell uttalerett i slike saker.

#### **9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?**

Svar: Ja, her vil vi vise til vurderingane under 1A og 2A på side 50 i høringsdokumentet.

## **10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?**

Svar: Vi føreset at hovudmodellen er eit fellesråd på kommunenivå, men at kommunane generelt blir større etter kommunereforma. Prostia må justerast etter dei nye kommunegrensene. Dersom kommunane blir så små at fleire kommunar hamnar i same prostia, bør den daglege leiinga ligge i eit fellesråd på kommunenivå eller på prostinivå, avhengig av lokale forhold.

## **11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

1. Inspirator og motivator for kyrkja
2. Tilsyn med kyrkjeleg tilsette på alle fagområde, ikkje berre dei som er vigsla
3. Innstillingsrett til fellesrådet ved tilsetting av prestar
4. Ikkje arbeidsgjevaransvar

## **12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?**

Svar: -

## **13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: -

## **14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?**

Svar: Nei. Nokre oppgåver bør overførast til fellesrådet (mellom anna arbeidsgjevaransvar), nokre til fylkesmannen (mellom anna som ankeinstans i gravferdssaker) og nokre til kyrkjerådet.

## **15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?**

Svar: -

## **16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?**

Svar: Her viser vi til alternativ B side 76: Arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette som arbeider i soknet vert lagt til fellesrådet. Det føreset at det blir etablert berekraftige fellesråd etter kommunereforma, sjå spørsmål 10.

## **17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).**

Svar: Det er svært viktig med ei samle leiing, dvs. samla arbeidsgjevaransvar i fellesrådet. Samtidig er det viktig med kyrkjefagleg kompetanse hos dei som har dagleg leiaransvar for vigsla tilsette og andre med reint kyrkjelege oppgåver.

## **18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?**

Svar: Det må vere rom for variasjonar avhengig av storleiken på kommunar/fellessråd og prosti.

**19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestedtjenesten og andre vigslede tjenester?**

Svar: Ved kyrkjefagleg kompetanse i den daglege leiinga, f eks ved at prosten er leiar for ei kyrkjeavdeling under det nye fellesrådet på kommune/prostinivå.

**20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?**

Svar: Kyrkjemøtet kjem til å få ei ny, viktig rolle med fordeling av statstilskot gjennom budsjettvedtak i framtida. Dette er såpass viktig at det bør få konsekvensar for samansettinga av kyrkjemøtet.

**21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?**

Svar:

1. Samansettinga må i hovudsak reflektere medlemstalet i kyrkja i dei ulike bispedømme, men med ei viss utjamning for små bispedøme.
2. Det bør vere direkte val av alle leke representantar, ikkje delvis indirekte som i dag.
3. Viss bispedømeråda blir avvikla, kan ikkje kyrkjemøtet lenger setjast saman av bispedømeråda.

**22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?**

Svar: -

**23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?**

Svar: -

**24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?**

Svar: -

**25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?**

Svar: -

**26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: -

**27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: -